



Bergen kommune  
Postboks 7700  
5020 Bergen

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Toril M Mulen, 5764 3127

## Rapport etter tilsyn hos Bergen Biogass – Bergen

Kontrollnummer: 2025.008.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn 4. juni 2025 hos Bergen Biogass sitt anlegg i Rådalen i Bergen (organisasjonsnummer: 964338531).

Rapporten har følgjande delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

### Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

#### Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast

Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:

- Avvik 1: Verksemda kan ikkje dokumentere at dei held grenseverdiane for lukt i løyvet.
- Avvik 2: Luktreduserande tiltak er mangelfulle og luktrisikovurderinga er ikkje oppdatert.

Avvik er manglande etterleving av krav, fastsette i eller med heimel i lov.

Vi ser alvorleg på avvika sidan dei er gjentakande frå førre tilsyn. Bergen Biogass må rette opp avvika snarast. De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding som viser korleis avvika er retta eller ein tidfesta handlingsplan for retting innan 30. august 2025. Gjennomføring av tiltaka vil bli følgd opp med nytt tilsyn.

#### Statsforvaltaren gav ingen merknader

Vi gav ingen merknader.



Merknad er eit tilhøve som vi meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

### **De må betale gebyr**

Bergen Biogass må betale eit gebyr på 41 600 kr for tilsynet.

### **Vi ber om tilbakemelding på e-post**

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no) og merkar e-posten med 2019/3766.

## **Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving**

### **Avvik 1: Verksemda kan ikkje dokumentere at dei held grenseverdiane for lukt i løyvet**

#### **Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket**

Løyvet etter forureiningslova til Bergen biogass, sist endra 28. august 2020, punkt 5.1 luktbegrensning.

#### **Om krava**

Luktbegrensning

Luktimmisjon ved omkringliggende boliger, sykehus, pleieinstitusjoner, fritidsboliger, utdanningsinstitusjoner og barnehager skal ikke overstige 1 ouE/m<sup>3</sup>, angitt som maksimal månedlig 99 prosent timefraktil.

#### **Observasjonar på tilsynet og vår vurdering**

Bergen Vann har gjennomført omorganisering og tilført kompetanse til Bergen Biogassanlegg. Det er gjort ei vurdering av tilstand og funksjon ved biogassanlegget inkludert luktutsleppet frå bedriften. Et viktig grunnlag for vurdering av luktutsleppet er også rapport frå Sweco av 04.06.2024 «Luktreduksjon tømmehall Bergen Biogass».

I rapporten frå Sweco står det at målingar og CFD simuleringar viser at det er store diffuse utslepp av lukt frå mottakshallen for slam. Dei diffuse utsleppa frå mottakshallen er ikkje tatt med i siste luktmåling og spredningsberegning gjennomført av Nemko Norlab i 2023.

Sweco har gjennomført røykprøver i mottakshallen som viser at ved tømning av konteiner i slamlommer fortrenger ein luft med høg luktkonsentrasjon frå slamlommene og sender denne opp og ut i mottakshallen. Sweco har modellert utslepp frå port og takventilar. Dei skriv i rapporten sin at ved opning av port vil varm inneluft "renne" ut i øvre del av port og kald uteluft vil "renne" inn langs bakken. I tillegg vil luftbalansen i mottakshallen endre seg, så ein ikkje lenger har undertrykk og luftbevegelse inn takventilane. Her vil lufta gå ut grunna temperaturforskjellen oppunder tak og utelufta. Rapporten til Sweco peikar på fleire moglege tiltak, men eit av dei viktigaste tiltaka med stor effekt på utslepp til omgjevnadane er å hindre diffuse utslepp gjennom port og takopningar.



Sweco skriv i rapporten at det er målt luktkonsentrasjon i mottakshallen som er 30 – 45 gangar høgare enn luktkonsentrasjon i dei reinsa avkasta. Rapporten seier vidare at opning av portar 6-10 gangar om dagen for mottak av slam, samt luftutveksling gjennom fire ventilasjonsopningar i taket av mottakshallen vil gje betydelege luktutslepp til omgjevnadane.

Den informasjonen som nå ligg føre tilseier at Bergen Biogass ikkje kan dokumentere at dei held grenseverdiane for lukt i løyvet.

## **Avvik 2: Luktreducerande tiltak er mangelfulle og luktrisikovurderinga er ikkje oppdatert**

### **Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket**

Løyvet etter forurensningslova, sist endra 28. august 2020

- punkt 2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mulig.
- punkt 5.2 Luktrisikovurdering
- punkt 5.3 Forebyggande tiltak og driftsplan

### **Om krava**

#### Plikt til å redusere forurensning så langt som mulig

All forurensning fra anlegget, også utslipp til luft og vann, støy og avfall, er isolert sett uønsket. Selv om en holder utslippene innenfor fastsatte utslippsgrenser, plikter kommunen å redusere utslippene så langt dette er mulig uten urimelige kostnader.

#### Luktrisikovurdering

Jamfør løyvet skal det gjennomførast ei luktrisikovurdering i tråd med anbefalingene i vedlegg 3 i Miljødirektoratet sin veileder TA 3019/2013 Regulering av luktutslipp i tillatelser etter forurensningsloven. Ved modifikasjoner og endrede produksjonsforhold skal luktrisikovurderingen oppdateres.

#### Forebyggende tiltak og driftsplan

På bakgrunn av luktrisikovurderingen skal bedriften iverksette luktrisikoreducerende tiltak. Bedriften skal ha en driftsplan som sikrer at luktulempen ved virksomheten begrenses. Vurdering av tiltak og driftsplan må holdes oppdatert.

Viktige elementer i en driftsplan er:

- målsetting i forhold til lukt
- forventet produksjon, råvareomsetning o.l.
- forventet luktrisiko ved planlagt drift
- tiltak for å minimere lukt ved normal, planlagt drift
- kontrollpunkter i forhold til lukt og definisjon av avvik

Se Miljødirektoratets veileder TA-3019/2013 om lukt, side 35 til 42 for mer informasjon om hvilke tema en driftsplan skal omfatte.

#### Driftslogg

Bedriften skal daglig føre en driftslogg, slik at det kan dokumenteres at driftsplanen er fulgt.



## Observasjoner på tilsynet og vår vurdering

Iverksatte luktreducerende tiltak er mangelfulle.

Bedriften er i gang med å gjøre tiltak og mellom anna følgende er gjort:

- Lufta som skal reinsast har ei samansetning som gjer at kullfilteret raskt blir metta og må skiftast ut. Frå januar 2025 har bedriften hatt kontinuerlege målingar av hydrogensulfid (H<sub>2</sub>S) og skiftar kullfilteret når målingane indikerer metning. Filteret blir skifta oftare enn tidlegare.
- Delar av rørsystemet i mottakshallen for slam var laga av ikkje-rustfritt stål. Det medførte at det oppsto hol i rørsystemet. Røyra er no bytta ut med materiale som ikkje rustar.

Følgande tiltak er planlagt:

### Kortsiktige tiltak:

- Etablering av avtrekkshette over slamlommen, inkludert oppfangssystem for slam som vil gi mindre sprut på vegger. Systemet skal vere vaskbart.
- Endring av takventilar i slammottakshallen.
- Vask og maling av slammottakshall. Hallen skal malast med maling som det er mulig å vaske.

### Langsiktige tiltak:

- Bedriften vurderer om luktreinseanlegget skal byttast ut med eit mineralsk filter fordi ein reknar med at eit slikt filter vil takle samansetninga av lufta som er til reinsing betre. Før bedriften tar ei avgjer på dette må det vurderast om det er areal som er egna for eit slikt mineralsk filter på anlegget. I tillegg må bedrifta vurdere andre driftsmessige konsekvensar ei endring i prinsipp for luktreinsing vil ha.
- Vurdere å gjere endringar knytt til hygieniseringa slik at det oppstår mindre fuktig og varm luft som skal reinsast.

Bedriften plikter å ha ei oppdatert risikovurdering. Etter at dei kortsiktige tiltaka er gjennomført må bedriften gjere ei ny luktrisikovurdering inkludert ny luktmåling som grunnlag for å vurdere behovet for ytterlegare tiltak. Driftsplanen må også oppdaterast og tilpassast dei nye driftsforholda. Verksemda må også gjere ei ny vurdering av kva som skal inngå i den daglege driftsloggen.

## Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren vedtar at Bergen kommune må betale eit gebyr på 41 600 kr for tilsynet. Dette svarar til sats 2 for tilsyn av inntil ein dags varigheit og er gitt på bakgrunn av ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr 27. mai 2025 og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.



### De har rett til å klage

De har rett til å klage på vedtaket om gebyr. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør grunngjevast skriftleg og skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

## Del 3: Informasjon om tilsynet

### Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Kristin Espeset
- Toril M Mullen

Kontaktperson hos verksemda:

- Kristine Akervold
- Siran Döpper

### Anlegg

Anlegget til Bergen Biogass i Rådalen i Bergen kommune vart kontrollert under tilsynet.

### Tema

Følgjande tema vart kontrollerte:

- Oppfølging av førre tilsyn som gjaldt lukt

### Regelverk

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- løyve etter forureiningslova frå Statsforvaltaren
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta

### Dokumentasjon

Det vart lagt fram skriftleg dokumentasjon over loggen for luktklager. Vi hadde muntleg gjennomgang av nokre rutiner ved anlegget.

## Del 4: Annan informasjon

### Andre tilhøve

Ved førre kontroll fekk Bergen Biogass avvik for mangel på lukthandteringsplan, kommunikasjonsplan og at klageregistreringa hadde manglar. Under kontrollen denne gongen finn vi at verksemda har på plass verktøy for å handtere luktklagar. Det er etablert eit forum der



verksemdene i Rådalen som kan medføre lukt deltek. Bergen Vann har teke på seg rolla som koordinator for luktsamarbeidet. Det er jamnlege møter i luktkforumet.

Forventa levetid for ei gassklokke er 10-15 år. Bergen Biogass har skifta ut gassklokka i år (etter kun 9 år i bruk) avdi det vart oppdaga at den ikkje fungerte etter forventningane, og at den hadde lekkasjer. Årsaka til kortare levetid enn forventa er kanskje det fuktige klimaet i Bergen.

Porten for bioreshallen er øydelagt og ute av funksjon. Det vart sagt under kontrollen at den vil verte snarleg erstatta med ein ny port.

### **De kan kommentere på rapporten**

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

### **Rapporten er offentleg**

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på [www.einnsyn.no](http://www.einnsyn.no), i samsvar med offentleglova.

Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, [www.norskeutslipp.no](http://www.norskeutslipp.no).

Med helsing

Kristin Espeset  
senioringeniør

Toril M Mullen  
seniorrådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent*